



MANGE FRAMMØTTE: Fleire av dei som kom for å høyra på føredraget hadde aldri vore i Kulturløa.

Fortalde innlevande om fyrste amerikareisa

– Det var utruleg spananade, sa Helge Drange om føredraget i Kulturløa.

– Året er 1825 og det var sol i Stavanger. Eit 54 fot langt skip tettpakka med folk. Det skulle til Amerika, sa Anne Elisebeth Skogen.

Ljosa var dempa, og dei 35 som sat på trebenkane i underhuset i Kulturløa, var musestille. Dei følgde spent med på forteljinga om det fyrste norske emigrantfølgjet som segla over Atlanteren til Amerika.

Skogen fortalde mellom anna historier om mange av dei som reiste, og sa at det var mange frå kvekersamfunnet som drog.

– I 1818 sende dei over Cleng Peerson til Amerika for å undersøkjja forholda der borte. Våren 1824 kom han tilbake og kunne fortelja om religionsfridom og god jord, sa Skogen, og fortalde at Peersson reiste bort på ny for å kjøpa jord til dei som skulle til Amerika.

– Onde-huset

Under føredraget, som blei arrangert i samband med Kystsogevekene, fortalde Skogen om kva som skjedde med emigrantane på reisa.

– Kjeldene eg har brukt er tilgjengeleg litteratur, til dømes utvandrarbibelen, som er skrivi av ein av etterkommarane til utvandrarane. Eg har ikkje brukt skjønnlitteratur, men nedskrivne familienotat og originalt stoff, som aviser frå Amerika, sa ho. Det var Helge Drange, som har drive Kulturløa på Drange sidan 2014, som introduserte henne.

– Eg har ein fetter som heiter Ernst. Og han tørde ikkje



SPANANDE HISTORIE: Anne Elisebeth Skogen jobbar som forteljar i Forteljarkokeriet.

gå ned hit til underhuset, fordi han trudde det var ondehuset og at det var nokre onde her, spøkte Drange, og fortalde om korleis underhuset i Kulturløa såg ut før i tida.

– Her som hesten stod, brukar me no til scene, sa han.

– Ville vita kva som skjedde

Drange seier til lokalavisa at han synest det var utruleg spanande å høyra forteljinga til Skogen.

– Alle som høyrde på ville vita kva som skjedde med dei som drog frå Stavanger. Så Anne Elisebeth må koma att og fortelja meir, spøkjer han.

Fleire av dei som var tilstades hadde ikkje vore i Kulturløa før, og fekk omvising før og etter føredraget.

– Me har mange vitjingar i løpet av året. Ein god del kjem gjennom Haaheim Gaard. Til dømes kjem 20 gjester derifrå på søndag, forklarar han.

– Neste arrangement er julemarknad. Det var kjemppegøy i fjor, seier Drange.

Han forklarar at omvisinga på Kulturløa fungerer fint.

– Dei som kjem er ofte veldig overraska over gjenstandane me har. Fleire av tinga finst det svært få av, og Kulturløa er kanskje den einaste staden på Tysnes der akkurat den eine gjenstanden er teke vare på. Me har til dømes ein skottbenk, som er eit arbeidsreiskap som har vore på mange gardar. Det er ein stor kulturskatt som opprinneleg kjem frå ei løe som delvis har falle ned på Støle, seier han.

KRISTINE NÆSS THORSEN
kristine@tysnesbladet.no